

Bli med på Trio-stafetten!

08.04.2017



Uskedelingar på Trio-stafetten i 2015

Den er snart klart for den tradisjonsrike Trio-stafetten. Etter at den i mange år var på Helgetorsdag, har den siste åra vore på litt ulike datoar. No har dei landa på 1.mai, ein god stafettdag. Då vart nemleg Strandstafetten her i Uskedalen arrangert i mange år. No håpar UIL å stilla med rekordmange lag i årets Trio-stafett.

I samband med stafetten har Uskedal idrettslag sendt ut følgjande invitasjon på Facebook:
 '1.mai vert den tradisjonsrike Triostafetten arrangert for 51. gong. I år blir dette truleg eit stort arrangement med mange førehandspåmelde lag! Vi i Uskedalen har også sterke stafett-tradisjonar og har hatt mange og flinke lag opp gjennom åra. Bygda vår er full av spreke folk i alle aldrar! Kan vi klara og setja rekord i talet på lag frå vår bygd i år? **Vi oppfordrar med dette små og store til å mælda seg på ved og skriva namna sine i kommentarfeltet under meldinga på skigruppa si facebook-side**, så prøver vi å setja saman lag ut i frå påmeldingane.

Ungane på skulen driv og trenar til Tinestafetten 12.mai. Vi oppfordrar alle desse løparane til å ta Triostafetten som «oppvarming»! Denne påmeldinga er open for alle, ikkje berre medlemmene i ski- og friidrettsgruppa, så flott om de spreier dette vidare!

Nytt av året er også ein mix-klasse der både menn og kvinner kan stilla på same lag. Vi vil gjerne ha fleire dame- og herrelag også! Her er det berre å mælda seg folkens – STAFETT ER KJEKT!!

Dei som ikkje er med i facebook-gruppa, kan senda påmelding med SMS til 95 77 35 34(Cathrine Haugland)

Her er det altså berre å hiva seg med for alle som har lyst. Vi kan trygt sei at Trio-stafetten no har eit opplegg som passar for alle.

Tekst: UIL og Thor Inge Døssland

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland